

Ottar Grepstad

# *På parti med språket?*

Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2013

Ottar Grepstad

# *På parti med språket?*

Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2013

Nynorsk kultursentrum  
Ørsta 2009

# SMÅSKRIFTER FRÅ IVAR AASEN-TUNET 1 – 5

Artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle faglege eller språkpolitiske spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. Alle småskriftene er tilgjengelege på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

1. Ottar Grepstad: *Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet*. 41 s. Februar 2004
2. Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i partiprogramma 1906–2005*. 84 s. September 2004
3. Ottar Grepstad, Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl: *Nynorsk innhald på Internett. Grunnlag for handlingsplan 2005–2013*. 67 s. November 2004
4. Kåre Kolås: *Eit liv med kaffistover og bondebeimar*. I samtalar med Nils Seland og Ottar Grepstad. 93 sider. November 2005
5. Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2013*. 115 s. August 2009

**Fleire skrifter er i arbeid**

**Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda**  
Telefon 70 04 75 70, faks 70 04 75 71, [admin@aasentunet.no](mailto:admin@aasentunet.no)

# Innhald

Forord	5
Språk og parti	7
Førstegongsbruk av språkpolitiske signalord	25
Signalord i norske partiprogram 1906–2013	27
Det norske Arbeidarparti	28
Fremskrittspartiet	38
Høgre	44
Kristeleg Folkeparti	53
Raudt / Raud Valallianse	63
Senterpartiet	75
Sosialistisk Venstreparti	92
Venstre	103

© 2009 Ottar Grepstad og Nynorsk kultursentrum

Publisert på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) og tilgjengeleg som utskrift frå Ivar Aasen-tunet,  
Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda

ISSN 1504-422X

# Forord

SPRÅKPOLITIKK DREIAR SEG i dette skriftet både om norsk for etniske nordmenn, språka til nasjonale minoritetar og til dei nya miljøa av innvandrarar og flyktningar. Synspunkt på den tradisjonelle framandspråkundervisninga i skulen er derimot ikkje med.

Dokumentasjonen er stort sett henta frå databasen *Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884 – 1997*, utgitt på cd-rom av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste i 1997. For 2001 har eg supplert med egne søk på nettstadene til partia, og for 1997 er nokre få avsnitta henta frå nynorskversjonane i *Nynorsk faktabok 1998*.

Alle utdraga er frå programma for stortingsval. I tillegg har partia, særleg i seinare tiår, gjerne også prinsippprogram. Om vegen stundom kan vere lang frå valprogram til votering eller komitéinnstilling i Stortinget, er det endå lengre frå prinsippprogrammet til handling. Kva som måtte stå i prinsippprogramma, er difor ikkje teke med her.

Programma seier kva partia vil gjere, ikkje kva dei har gjort. Valprogramma bør likevel ikkje undervurderast. Valprogramma er grunntekstar som både medlemmer, veljarar og motstandarar hentar fram når dei treng det. Det som der står, er til tider resultatet av langvarige politiske dragkampar, andre gonger meir tilfeldige resultat av endelause voteringar der nokon kvar kan misse oversynet over kva dei eigentleg er for eller mot, men ofte også fintenkte formuleringar som skal flytte posisjonar eller ta vare på det indre samhaldet.

Eg har redigert saman utdraga og utelate det som ikkje seier noko spesifikt om språkpolitikk. Difor gir til dømes ikkje avsnitta om samepolitikk eller innvandringspolitikk noko heilskapleg bilete av det partia står for. Det vil også vere slik at politiske standpunkt i andre delar av partiprogramma verkar inn på eller er viktige føresetnader for dei språkpolitiske synspunkta, men dette har eg måtta sjå bort frå. Alle sitat står uendra frå kjeldene; heller ikkje moglege trykkfeil er endra.

Framstillinga er konsentrert om dei partia som no spelar ei parlamentarisk rolle i Noreg eller som ligg nær til å gjere det, og som representerer ein viss politisk kontinuitet. I det innleiande essayet peikar eg på noko av det som kan lesast ut av dei mange programma. Her er eg Oddmund L. Hoel takk skuldig for nokre viktige kommentarar og påminningar. Takk også Lars S. Vikør og Morten Sjøberg; sistnemnde har gjort meg merksam på at studiar i partiprogram har ei aukande interesse innanfor statsvitskapen. Sommaruniversitetet i Oslo arrangerte såleis eit

perspektivrikt kurs om dette i 2002 under leiing av professor Hans-Dieter Klingemann frå Berlin.

*Ivar Aasen-tunet, september 2004*

### **Forord til 2. utgåva**

For periodane 2005–2009 og 2009–2013 er utdraga henta frå valprogramma slik dei var publiserte på nettstadene til partia. Medio juni 2009 var Høgre og Raudt åleine om å ha valprogram i begge målformer for åra 2009–2013, Senterpartiet veksla mellom nynorsk og bokmål, og dei andre partia ordla seg på bokmål.

I 1999 fekk fem grupper status som nasjonale minoritetar: jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar. Frå og med 2001 er difor språkpolitikk om desse gruppene samla under mellomtittelen ”Urfolk og nasjonale minoritetar”, medan stoff om andre minoritetar som før vil finnast under mellomtittelen ”Innvandrarar”.

Dei innleiande og samanfattande avsnitta på s. 7–8 blei trykte som kommentar i Dagens Næringsliv 10. august 2009.

*Ivar Aasen-tunet, august 2009*

# Ottar Grepstad

## *Språk og parti*

NESTEN HALVPARTEN AV VELJARANE er interesserte i språkspørsmål. Partia anar knapt nok kva som blir diskutert i dei språklege fagmiljøa.

Valundersøkingane viser at i 1993 var 43 prosent av veljarane nokså eller svært interesserte i saka. Tolv år seinare var endå fleire så interesserte. Berre hos Frp-veljarane var språkengasjementet det same i 2005 som i 1993. I det tidsrommet dalte språkinteressa hos veljarane til både Venstre og Høgre. KrF endra seg mykje, særleg frå 2001 til 2005, og fekk fleire engasjerte bokmålsveljarar, men færre engasjerte nynorskveljarar. Sp hadde mange engasjerte nynorskveljarar heile tida, og fekk fleire interesserte bokmålsbrukarar i 2005. Då hadde SV og Ap meir engasjerte nynorsk- og bokmålsveljarar enn i 1993. Dei mest språkinteresserte veljarane gjekk i 2005 helst til KrF, Sp eller Ap.

Trass i denne store og stabile saksinteressa avgjer språkpolitikken partivalet for svært få veljarar. Det er likevel inga orsaking for at partia opnar valkampen med store tomrom i programma sine.

Først i 1981 gjekk alle partia til val med litt språkpolitikk i bagasjen. Etter kvart utvikla dei politikk på tre område – det norske spørsmålet, vilkåra for samar og nasjonale minoritetar, og dei nye innvandarkulturane. Då det engelske spørsmålet også dukka opp, blei verda vanskeleg. Partia har i det heile nesten aldri vore à jour med den språkfaglege debatten. Også i 2009 er nyare faglitteratur om språkutvikling og språksosiologi blanke ark for dei.

Det norske spørsmålet kom først, og det er her partia har endra seg minst. I tiår etter tiår sa dei stort sett det same om dei få språkspørsmåla dei meinte noko om. I 1906 innførte Venstre språkpolitikken som programsak med ”fortsat arbeide for reisningen af det norske maal” og eksamen i begge målformer for dei få som då gjekk gymnasvegen. Etter kvart som fleire tok meir utdanning, blei dette spørsmålet også meir konfliktfylt.

I 2009 er alle, også Frp, glade i språk som kulturarv. På ei overflate av semje blir dermed viktige spørsmål avpolitisererte. For mange parti gjeld bruk av nynorsk lite anna enn offentleg



forvaltning, skule og NRK. Berre Sp, Raudt og SV målber strategiar som kan gjere norsk – nynorsk og bokmål – til eit samfunnsberande språk.

Høgre var det første partiet som programfesta noko om samisk språk og kultur då dei i 1961 aktivt ville ”tilgodese samisk kultur og sprog”. Dei andre partia trong tjue år på å følgje etter. Sist ute var Arbeidarpartiet, som måtte gjennom Alta-saka før dei kunne setje ord på samisk språk og kultur ved eit stortingsval.

Direkteval til Sametinget frå og med 1989 gjorde samepolitiske program nødvendige. Raud Valallianse gjekk i bresjen i ei jakt på minoritetar dei kunne støtte slik at dei også auka sin politiske legitimitet. I 2009 går etterfølgjaren Raudt til val med eit solid programkapittel om urfolkspolitikk. Det same gjer dei fleste andre partia.

Også kvensk språk og kultur var Høgre første ute med, men den saka sit framleis langt inne i mange parti. Ti år etter at jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar i 1999 fekk status som nasjonale minoritetar, seier alle partia noko om språk- og kulturpolitikk overfor desse folkegruppene, stort sett i svært generelle ordelag.

Sommaren 1965 kom dei første tyrkiske innvandrarane til Noreg, den gongen kalla framandarbeidarar. Åtte år seinare blei Sp første partiet som meinte noko om språkleg og kulturell integrering av innvandrarane. ”Tilbudet om språkopplæring må bli bedre,” sa partiet. Ganske fort samla alle partia utanom Frp seg om at innvandrarane måtte få ta vare på sine kulturar og morsmål i Noreg. Skulle dei også måtte lære norsk? Nja, sa Frp og Venstre i 1981. Sjølv sagt, sa etter kvart alle partia.

I 2009 er spørsmålet difor ikkje om det skal stillast krav til innvandrarane, men kor strenge krava skal vere. Partia har auka avstanden til den brutale fornorskingspolitikken mot samar og nasjonale minoritetar, men styrkjer fornorskinga av innvandrarane.

Både i Norden og ute i Europa blir det no drøfta kva ein kan og bør gjere med det aukande presset frå engelsk på sentrale samfunnsområde. Dette meinte fleire parti litt om som snarast i 1980-åra. I 1985 ville både KrF, Sp, Venstre og SV sikre norsk som arbeids- og administrasjonsspråk i vekstnæringar som olje og data. Fire år seinare hadde alle partia mista interessa for saka.

Då Stortinget våren 2009 drøfta den store språkmeldinga, var rett nok fleire parti på ny opptekne av dette. Høgre framheva at no er det viktigare å verne norsk språk mot engelsk enn å snakke om nynorsk og bokmål. Likevel stiller Høgre til val utan å nemne det engelske spørsmålet.

No seier tre av ti næringslivsleiingar at engelsk er blitt viktigare for bedriftene deira dei siste fem åra. Kva partia meiner? *Couldn't care less*. Nokre få ord frå Sp, SV og Venstre, det er alt.

## Ord

Partiprogramma er verken den einaste eller alltid den mest høvelege kjelda for å fange opp faktiske standpunkt og endringar i desse. Partiorganisasjon frå lokallag til landsmøte, folkevalde frå Stortinget til kommunestyre, enkeltpersonar og meir uformelle meiningsdannande miljø er alt saman viktige arenaer både for forming av politikk og for praktisk handling. Det partiprogramma likevel seier, er kva dei enkelte partia meiner når dei sjølve får styre debatten og ikkje er under press. Då fortel programma meir enn kva partia meiner i sin idealtilstand. Programma røper også kor viktige eller uviktige partia er som arenaer for språkpolitikk, og korleis dette eventuelt har endra seg frå dei første partiaprogramma blei vedtekne i 1885 fram til i dag. Utdraga om språkpolitikk frå partiprogramma blir då også fragment av historia om språkpolitikk i Noreg.

Eg sette opp i alt 18 signalord som på ulike måtar ville representere uttrykk for språkpolitiske refleksjonar og standpunkt i partia. Alfabetisk ordna blei lista slik: *bokmål, dialekt, folkemål, jamstelling, kvensk, landsmål, morsmål, målform, målføre, nynorsk, riksmål, samisk, samnorsk, sidemål, skriftkultur, skriftspråk, språk, talemål*. Eg såg med vilje bort frå ordet *norsk*, for her meinte eg det gjaldt å sjå etter kva partia sa når dei og viss dei gjekk under den overflata som ordet *norsk* representerer.

Bruken av desse orda seier ikkje så mykje om kva dei enkelte partia faktisk meiner, men dei er ein god målestokk for kor generelle eller presise partia har vore. Ordjakta blei supplert med å samle inn alle setningar og avsnitt der partia skriev om språkpolitikk.

I første omgang såg eg etter kven som først tok dei ulike nemningane i bruk. Dei søka dekte begge målformene og ymse rettskrivingsvariantar. Resultatet er ordna på s. 25–27. Grunnlaget er programma til sytten parti som stilte til val i dette tidsrommet, og som for kortare eller lengre tid har vore dei politisk viktigaste partia.

Dei første nemningane skriv seg frå valprogramma i 1906. Før den tid eksisterte ikkje språkpolitikk som kategori i valprogramma. Det var dette året Noregs Mållag blei skipa, natta før Venstre samlast til landsmøte i Oslo, og unionsoppløysinga var ikkje eingong blitt årsgamal. Begge delar har ganske sikkert gjort språkspørsmålet til aktuell partipolitikk.

**Tabell 1**  
**Førstegongsbruk av signalord i valprogramma**

Landsmål	1906	Venstre, Samlingspartiet
Jamstelling	1906	Samlingspartiet
Skriftspråk	1906	Samlingspartiet
Riksmål	1909	Høgre
Bokmål	1909	Venstre
Folkemål	1915	Venstre
Samnorsk	1918	Venstre
Målføre	1927	Senterpartiet
Nynorsk	1930	Venstre, Arbeiderdemokratene
Dialekt	1936	Arbeiderdemokratene
Målform	1949	Venstre
Morsmål	1961	Arbeidarpartiet
Samisk	1961	Høgre
Talemål	1973	AKP (m-l)
Sidemål	1977	Venstre, Kristeleg Folkeparti, Fremskrittspartiet
Kvensk	1981	Høgre
Skriftkultur	1985	Senterpartiet

Venstre er det partiet som flest gonger er først ute med nye språkpolitiske omgrep. Det gjeld både for *bokmål*, *folkemål*, *landsmål*, *målform*, *nynorsk*, *samnorsk* og *sidemål*. Høgre kjem først med orda *riksmål*, *samisk* og *kvensk*.

Arbeiderdemokratene til Johan Castberg stikk av med *dialekt*, og det gjer dei alt i 1936. Ordet var då på plass som eit allment brukt ord i norsk. Neste parti ut med det ordet var likevel først Senterpartiet i 1969. Då var det enno mange år til dei første aksjonane på landsplan for å styrkje dialektane si stilling. At noko var på gang, var ein aksjon i Oslo seinhaustes 1968 eit uttrykk for. Då fekk Studentmållaget i Oslo til ein avtale med prestisjehandelshuset Steen & Strøm om at julehjelpene kunne få bruke dialektane sine. I valkampen 1973 brukte så AKP (m-l) tidstypisk og for første gong dialektsynonymet ”talemål” i partiprogrammet. Ordet *målføre* var blitt brukt no og då, men mellom Senterpartiet i 1927 og RV i 1989 surra mange parti omkring og trudde ordet er eit synonym for *målform*. Det stadfestar at omgrepet har hatt ein svak posisjon utanfor dei språkvitskaplege miljøa; det er og blir eit forvirrande ord.

Arbeidarpartiet styrte mykje i norsk politikk utover på 1900-talet, men i språkpolitikken var dei berre først ute med ordet *morsmål*, i 1961. Så la dei ordet vekk heilt til 1997. Partia elles tok det i bruk frå 1980-åra, då i samband med etniske minoritetar.

Det var altså Høgre som først tematiserte *samisk* som ei språkpolitisk programsak. Partiet var også det første som brukte den etniske nemninga *kvensk*. Med den konsekvente fornorskingspolitikken langt ut på 1900-talet var det ikkje anna å vente enn at dei første uttrykka

for at denne politikken måtte endrast, først kom i 1961. Før 1960-åra var omme, hadde alle partia utanbom NKP fanga opp ordet og saka.

Ordet *kvensk* kom inn i det første partiprogrammet i 1981. Også her var Høgre først ute. Det seier noko om kor svakt denne kulturtradisjonen har stått og kor politisk uinteressant den lenge var. Men lenge blei både *kven* og *kvensk* rekna som rasistiske ord; det var *finsk* som var den aksepterte nemninga. Sidan 1969 hadde Venstre peikt på behova til dei finstalande. Nettopp i 1980-åra blei det etter kvart politisk viktig for mange av desse å omtale seg som kvenar og markere ein eigen kulturtradisjon. Emnet er framleis omstridd i dei finsk- og kvensktalande miljøa. Hadde så noko parti sagt noko om lappisk før dei tok opp det samiske spørsmålet? Nei.

Verken Arbeidarpartiet, Fremskrittspartiet eller SV har enno nemnt det kvenske spørsmålet i programma sine. *Kvensk* er blant dei minst brukte signalorda i programma, medan *samisk* er eitt av dei som flest har brukt. Det peikar i retning av at forholdet mellom språkpolitikk og partiprogram ikkje er heilt godt. At eit tema kan mangle i programmet til eit parti ved eitt val, skriv eg på kontoen for slump. Når ord og tema manglar ved val etter val, er det tale om noko heilt anna. Då er det eit uttrykk for at partiet sine politiske perspektiv ikkje fangar inn emnet, ikkje gjer det viktig nok, eller verre: veit for lite om det.

*Bokmål* og *nynorsk* blei frå 1929 dei offisielle avløyserorda for *riksmål* og *landsmål*. Venstre tok straks i bruk *nynorsk*, men *bokmål* har vore lite brukt av partia like fram til i dag. Den har rett og slett ikkje vore nødvendig å omtale det dominerande språket med namns nemning. Det inneber at partia har til gode å setje ord på ein heilskapleg og reell tospråkspolitikk.

Det har ikkje mangla på sidemålsdebattar. Dei debattane heldt partia seg offisielt unna. Ikkje eitt parti tok ordet *sidemål* i sin programmatisk munn før 1977. Venstre hadde derimot éin gong, i 1906, sagt klart frå om at dei ønskte obligatorisk eksamen i begge målformene i gymnaset. Så gjekk det 71 år før andre parti sa noko om saka. I 1977 tok både Venstre, Kristeleg Folkeparti og Fremskrittspartiet *sidemål* inn i sitt politiske ordtilfang. I 1981 kom SV etter, Høgre i 1985, Senterpartiet først i 1993, mens Arbeidarpartiet venta heilt til 2001. Heilt fram til stortingsvalet i 2001 var det heile eit spørsmål om for eller mot obligatorisk skriftleg sidemål. Berre to parti hadde ved eitt høve gått inn for at sidemålsundervisninga måtte styrkjast pedagogisk, i 1985: Høgre og Kristeleg Folkeparti.

Ordlista for norsk språkpolitikk femner såpass vidt at bruken av desse orda er eit barometer for det språkpolitiske engasjementet til partia. Dei signalorda som eit fleirtal av partia har brukt i programma sine, er – i popularitetsrekkefølge – *samisk*, *skriftspråk*, *nynorsk* og

*dialekt*. Di fleire av nemningane eit parti bruker, di større kan det språkpolitiske engasjementet seiast å vere. Av dei utplukka signalorda var det berre Senterpartiet som hadde brukt alle, medan Venstre mangla to – eitt av dei var typisk nok ”riksmål” (tabell 2). Dei fleste partia har brukt mange av signalorda. Berre Fremskrittspartiet skil seg ut med sine fem nemningar. Det viser at partiet til no har ordlagt seg svært generelt om språkpolitikk,

**Tabell 2**  
**Signalord i valprogramma**

Senterpartiet	17
Venstre	15
Det norske Arbeidarparti	12
Raudt /Raud Valallianse	12
Høgre	11
Kristeleg Folkeparti	11
Sosialistisk Venstreparti	11
Fremskrittspartiet	5
NKP	1

Politisk sett er plasseringa til Høgre og Arbeidarpartiet interessant. På førehand tenkte eg at Kristeleg Folkeparti ville kome høgare opp og Høgre lengre ned. I staden viste det seg at Høgre til dømes var det tredje partiet som skreiv om *nynorsk* i programma sine, etter Venstre og Arbeiderdemokratene, men før Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti. ”Høgre vil verna det norske målet mot all tvang. Bokmål og nynorsk må få veksa fritt og naturleg. Foreldri må få ha sin fulle rett til å velja mål og målform i skulebøkene til borni,” vedtok Høgre i 1953. Den formuleringa gjekk att i mange Høgre-program utover i 1950- og 60-åra. SV og Kristeleg Folkeparti ligg på same nivået som Høgre.

Det partiet som i store delar av 1900-talet hadde flest veljarar, Arbeidarpartiet, omtalte verken *landsmål*, *nynorsk* eller *bokmål* i eitt einaste partiprogram før det 20. hundreåret var omme. Først i 2001 programfesta dette partiet ein presis språkpolitikk – etter å ha gjennomført fleire av dei viktigaste språkpolitiske reformene på 1900-talet og etter å ha gått i bresjen for fleire nynorsktiltak.

## **Program**

Signalord seier slett ikkje alt om språkpolitikken i dei programma partia har gått til val på. Tekstane må lesast fullt ut og forståast ut frå både den politiske og historiske samanhengen.

I allfall før den tyske okkupasjonen hadde norske parti lite å melde om kulturpolitikk i programma sine. Utanrikspolitikk, økonomisk politikk og næringspolitikk iblanda ein dæsj sosialpolitikk, det var det dei gjekk til val på før 1940. Programma var korte, men ganske myndige. I 1906 hadde til dømes Venstre eit program i ni punkt. Punkt 5 gjaldt språkpolitikken: ”Fortsat arbeide for reisingen af det norske maal, bl. a. ved, at den ene skriftlige prøve til artium blir paa landsmaal.”

At kulturpolitikk knapt var tema i nokon valkamp før 2009, har altså lite å gjere med den moderne samfunnsutviklinga. I den politiske programtradisjonen har det vore lite plass til kulturpolitiske spørsmål. Veljarundersøkingar frå dei siste tiåra får godt fram kva saker veljarane legg stor vekt på. Kulturpolitikk generelt og språkpolitikk spesielt har aldri rangert høgt på dei listene. Partia hadde ingen slike sosiologiske eller statsvitskaplege innsikter å stø seg til når dei skulle forme sine politiske valstrategiar tidleg på 1900-talet. Kontakt med veljarane hadde dei likevel, og dei visste heilt sikkert mykje om kva ulike veljargrupper var opptekne av. Å tru noko anna ville vere ei arrogant undervurdering av den strategiske klokskapen deira. Mangelen på kulturpolitikk i partiprogramma i store delar av 1900-talet er difor eit symptom på veljarinteresser og kva samfunnskonfliktar som dominerte.

Heile forklaringa er dette likevel ikkje. Partiprogramma er sjølv sagt også eit uttrykk for partia si sjølvforståing av kva det vil seie å vere eit politisk parti, og kva som er politikken emne. Dette var det ei påfallande politisk semje om på tvers av partiskilja. Når så mange parti i så mange år la vekt på næring og økonomi, var det fordi det var dette dei meinte dei kunne og burde bruke si folkevalde makt til å gjere noko med.

Grunnleggjande prinsipp i norsk språkpolitikk blei etablerte gjennom stortingsvedtak i 1885 (jamstelling), 1892 (skulemål og kyrkjemål), 1907 (obligatorisk sidemål ved eksamen artium) og 1930 (lov om målbruk i offentleg teneste). Desse vedtaka kom altså på plass uavhengig av det dei fleste partia snakka om i valprogramma sine. Partia var nok blitt viktigare arenaer for slike språkpolitiske debattar mot slutten av 1900-talet enn dei var i dei første tiåra i det hundreåret. Enkeltpersonar i samspel med utanomparlamentariske organisasjonar har såleis hatt meir å seie enn dei landsmøtevedtaka som fekk si endelege form i dei programma partia gjekk til val på.

I programform høyrer språkpolitikk den seinare tida til. Venstre var der med sine synspunkt kvart år frå 1906, og er det einaste partiet som har markert språkpolitiske standpunkt ved kvart einaste val seinare. Det har også Senterpartiet gjort etter at dei kom i gang som Bondepartiet i 1921. Så langt stemmer det bra med Stein Røkkans analysar av motkulturane i

norsk politikk. Kristeleg Folkeparti programfesta derimot ikkje noko om språkpolitikk før 1973, førti år etter at dei var blitt stifta. Berre Arbeidarpartiet av 1877 slår den rekorden.

Arbeidarpartiet skreiv ikkje éitt ord om språkpolitikk i noko valprogram før 1945, og var ordknapp i saka tvers gjennom alle regjeringsåra sine like til 1981. Den formuleringa partiet brukte i 1945-programmet seier likevel at partiet har no drive med språkpolitikk før: *fortsatt* arbeid for ... Fram til 1981 hadde Arbeidarpartiet vore med og gjennomført mange store reformer i norsk språkpolitikk, uavhengig av kva som stod i partiprogrammet. Uttrykket *folkemål* har gjerne vore knytt til nettopp dette partiet, ikkje minst via Halvdan Koht. I valprogramma var det likevel Venstre som brukte det årvisst mellom 1915 og 1936, med ein etterslengjar i 1953, før Arbeidarpartiet kom etter i 1945, 1949 og 1953.

Tilfellet Arbeidarpartiet seier noko om statusen til valprogramma. Var det ikkje så viktig kva som stod der? Er det heller noko som har kome i seinare år? Omfanget av dokumenta kan tyde på det. I 1884 nøgde Venstre seg med dette vesle avsnittet som partiprogram:

Repræsenantskabet udtaler at Hævdelsen af den parlamentariske Statskik og Tilslutningen til Ministeriet Sverdrup bør være Venstres Program for kommende Stortingsvalg. Saafremt ikke Jurysagen og Hærordningssagen vedtages af indeværende Storting og faar Regjeringens Stadfæstelse, bør tillige disse to Sager opstilles som Programsager.

Då partiet skulle vedta dette programet, var det mange som aksjonerte i form av brev og opprop for å få med også eit målpolitisk standpunkt. Det greidde dei ikkje.

Valprogramma blei verande korte i mange tiår. Det var først utover i 1930-åra og særleg etter 1945 at dei svulma opp til dokument der alt skulle seiast. I seinare år er valprogramma blitt så store at dei er uoversiktlege både i manuell form og ved digitale søk. Det hender formuleringar dukkar opp fleire stader i same programmet, men med noko ulikt meiningsinnhald. Sjølv for dei som skriv desse kollektive tekstane røyner det altså på. Når eit landsmøte er kollektiv redaksjon, går det gjerne slik.

Frå 1945 kom utdanning og ulike sosiale emne meir med, men enno før 1960-åra var språkpolitikk noko dei færreste partia tok opp i valprogramma. At språksaka ikkje var nemnd i Fellesprogrammet av 1945, kan ha to grunnar: Anten var ikkje dette oppfatta som viktig nok, eller så var partia ikkje samde nok.

1981 var første året alle dei store partia gjekk til val med språkpolitikk i bagasjen. Rett nok heitte det seg på denne tida at no var den gamle språkstriden slutt, men slik såg det ikkje ut i partiprogramma. Det var til dømes no dei fleste partia tok til å meine noko om

sidemålsundervisninga i skulen. Dette året skreiv Høgre for første gong *språk* i programmet sitt, ikkje *sprog*.

Det var ikkje nynorsk, og særleg ikkje bokmål, partia no skreiv mest om. Dei nye innvandarkulturane kravde løysingar på nye spørsmål, og frå 1970-åra hadde samiske miljø mobilisert kraftig for si sak. Alt før Alta-aksjonen i 1979-81 har difor mange parti formulert samepolitiske standpunkt. Kristeleg Folkeparti var det første partiet som laga eit omfattande samepolitisk program. Det gjorde dei i 1973, mange år før dei kan seiast å ha ein tilsvarande vedteken nynorskpolitikk. Nettopp i 1981 kom Arbeidarpartiet etter. Dei hadde altså gått inn i den vanskelegaste kulturkonflikten i etterkrigstida utan eit klart landsmøtevedtak i ryggen.

Samepolitikken este ut i omfangsrike og detaljrike standpunktavsnitt som imponerer både i vilje og presisjon. Med direkteval til Sametinget frå 1989 kom fleire parti etter kvart med eigne samepolitiske manifest. I programma har Fremskrittspartiet sagt lite til nynorskens fordel i dei tretti åra partiet har eksistert. Derimot programfesta partiet i 1977 at dei ville styrkje samisk språk og kultur. Meir sa dei ikkje om den saka før eit nytt tusenår kom.

## **Resonnement**

Frå 1980-åra utvikla partia omfattande språkpolitiske strategiar for innvandarkulturane.

Språksida av den nye innvandringa tok Senterpartiet opp i 1973. Så følgde Venstre, Høgre, Kristeleg Folkeparti og SV etter i 1977, og i 1981 Fremskrittspartiet, RV og Arbeidarpartiet.

Di grundigare partia gjekk inn i desse viktige spørsmåla, di meir kortfatta blir dei om den norske delen av språksaka. Den tradisjonelle delen av norsk språkpolitikk har i eit par tiår vore prega av partipolitisk idétørke. Her var det langt mellom dei nye smakfulle drammane i partiprogramma i 1980- og 90-åra, og knapt nokon tok til orde for tiltak som ville utvide bruksområdet for nynorsk.

Lenge var Venstre først ute med dei nye meiningane om nynorsk. Partiet ville ha ei form for jamstelling på offentlege kontor alt i 1915; mållova kom 15 år seinare. I 1949 tok Venstre til orde for lærebøker på nynorsk, og utdjupa dette i 1969 til eit krav om lærebøker til same tid og til same pris, fleire år før dette blei ei stor aksjonssak. Mot slutten av 1900-talet mista nok Venstre mykje av dette offensive grepet.

Etter kvart som fleire parti formulerte dei språkpolitiske posisjonane sine, er det som om nytenkinga glapp hos nokon kvar. Partia var tryggare på kva enn på korleis. Dette blei særleg synleg i 1990-åra. Då endra partia skrivemåten i partiprogramma sine. Tidlegare hadde det vore



vanleg med ein enkel situasjonsanalyse og kortare eller lengre lister med tiltak forma som strekpunkt. Det blei gjerne også færre klare standpunkt og fleire utgreiande, resonnerande og argumenterande avsnitt. Partia kunne ikkje lenger nøye seg med å seie kva dei meinte. Dei måtte også grunngi standpunkta, og helst rettferdiggjere desse gjennom resonnement og argument. Hos Arbeidarpartiet og Fremskrittspartiet blei dette synleg særleg frå 1997, Kristeleg Folkeparti endra skrivemåten sin svært tydeleg i 2001, medan dei andre partia har prøvt skiftande format.

Om dei fleste partia lenge hadde vore utan ei vedteken språkpolitisk plattform, hadde dei likevel ført språkpolitikk. I mange parti var der personar som var sterke premissleverandørar når slike saker kom opp: ein Helge Sivertsen i Arbeidarpartiet, ein Nils Lavik i Kristeleg Folkeparti. Slik var det i fleire parti; lenge var språkpolitikken så grunnleggjande i Venstre at partiet knapt trong programformuleringane. I seinare år er personane blitt viktigare. Då blei det også viktigare å ha standpunkta formelt forankra i eigen organisasjon. Så var ikkje personar alt likevel.

Også språkpolitikk tek tid å forme. Arbeidarpartiet er ein hundreårlang illustrasjon på det og eit døme på at programma på langt nær seier alt om den samla og faktiske språkpolitikken til partia. I ei slik framstilling må både tekst, kontekst og programprosessar analyserast. Dømet er konkretisert i hovudoppgåva *Det norske arbeiderparti og språkstriden 1903-1937* av Åshild Rykkja frå 1978.

Fram mot landsmøtet i 1930 hadde partiet hatt ei eiga programnemnd i arbeid for å lage eit kultur- og språkprogram. På landsmøtet var det likevel eit utsetjingsframlegg frå landsstyret som blei vedteke: "Uten at partiet på det nuværende tidspunkt tar stilling til sprogspørsmålet, bemyndiger landsmøtet komiteen og centralstyret til å arbeide videre med spørsmålet i henhold til det som er fremlagt av komiteen." Tre år seinare blei dokumenta om dette frå 1930-landsmøtet sende ut utan at saka kom opp på landsmøtet. Først i 1936 papirfesta landsmøtet i Arbeidarpartiet eit språkpolitisk standpunkt. Halvdan Koht gjorde framlegget og landsmøtet vedtok dei fire orda samrøystes: "Bredere plass til folkemålet."

Til valet dette året trykte partiet ein brosjyre med både prinsippprogram, arbeidsprogram og stortingsprogram. Der kom ikkje dei fire orda med. Utan å vite noko sikkert undrast Rykkja om dei har falle ut fordi dette hadde vore eit benkeframlegg under landsmøtet. Men før valet trykte partiet også brosjyren "Arbeid og trygge kår for alle!". Der heiter det at "Arbeiderpartiet fortsetter sitt arbeid for å nå frem til et felles sprog i landet på det norske folkemålets grunn. Regjeringen arbeider med spørsmålet om en ny rettskrivning, som skal bringe de to skriftsprog nærmere sammen." Først når ein veit dette, får ordbruken til partiet i 1945 meining, der det heitte at partiet *fortsatt* vil arbeide for eitt språk på folkemålets grunn.

Benkeframlegg frå Halvdan Koht var meir enn eit grep frå ein mektig enkeltperson. Vedtaket i 1936 var ein førebels konklusjon på den språkpolitiske prosessen som partiet hadde baska med iallfall frå tidleg i 1920-åra. Som Tranmæl sjølv oppsummerte i 1936: ”Drøftelsene av denne sak for seks år siden har virket til at kravet er brutt igjennem i partiet; vi vil fram til frigjøring *også* i sproglig henseende.” Fram mot 1950-åra var det nettopp dette partiet som i samla flokk gav samnorskpolitikken den provoserande tyngda.

Meir resonnement og argumentasjon gjorde tekstane lengre. Frå 1970-åra blei partiprogramma generelt mykje lengre enn dei hadde vore før. Eg trur det heng saman med at partia blei meir profesjonelle organisasjonar og at dei formelle avgjerdsprosessane dermed også blei viktigare. Dessutan hadde kunnskapskulturen festa eit grep om samfunnslivet. Mange fleire tek no mykje meir utdanning, vitskapen dekkjer jamt nye område, og samfunnssektorar som før var ganske skarpt skilde frå kvarandre, er filtra inn i kvarandre. Saksnyansane er blitt fleire, og det er blitt tyngre å skjere inn til beinet. Partipolitikarane står overfor ein ny situasjon der deira styrke som generalistar blei utfordra av detaljekspertane, av desse som veit alt om lite men lite om alt. Det er i denne samanhengen vi bør forstå den eine setninga som er blitt eit ståande uttrykk etter Gro Harlem Brundtland: ”Alt henger sammen med alt.” I dei orda ligg både programskaparens frustrasjon og bergingsvona for generalisten.

## Ny språkstrid

Felles for valprogramma i 2001, 2005 og 2009 er at partia har lite å melde om norsk språk, men ein god del å seie om språk i Noreg. Positivt kan dette lesast som eit uttrykk for at den språkdelte norske kulturen er komen for å bli. Ei meir kritisk innvending vil vere at partia no avpolitiserer spørsmåla som gjeld norsk språk. Det er viktigare for dei å avklare kva slags språkpolitikk dei vil føre overfor samisk, nasjonale minoritetsspråk og dei nye innvandrarspråka.

Den nye språkstriden i Noreg gjeld dei kulturelle vilkåra for innvandarane. Dei siste tjue åra har partia såleis brukt ordet *morsmål* mest berre i omtalen av etniske minoritetar.

Ialffall på eitt viktig punkt endra meiningane seg i dei fleste partia i 1980- og 90-åra. Fleire parti la vekt på at innvandarmiljøa måtte få ta vare på sine eigne kulturar og morsmål i Noreg. Etter kvart blei dette standpunktet modifisert, for eit anna spørsmål kravde no svar: Skulle innvandarane ha obligatorisk norskundervisning? Nja, sa Fremskrittspartiet i 1981, men ikkje så kategorisk som seinare. Ja, sa også Venstre det året, men partiet var tydelegare i 1993. Då var også Senterpartiet komen inn på det sporet. I 1997 hadde alle dei andre partia følgt opp.

Alle var ikkje like eintydige eller kategoriske, men spørsmålet var no tydeleg blitt ei sak dei måtte meine noko om.

Innvandrarane skulle lære norsk, og debatten mellom partia gjaldt etter kvart kva krav ein burde stille til kunnskapar i norsk hos innvandrarane. Ikkje om, men kor strenge. I 2009 var det blitt tverrpolitisk semje også på dette punktet, men SV heldt fast ved det gamle standpunktet sitt om at innvandrarar også skulle få tilbod om morsmålsopplæring. Dette året gjekk Senterpartiet som første partiet også inn for at dei store innvandrarspråka skulle kunne vere tilleggsfag ved nokre vidaregåande skular.

Partia auka i 1980- og 90-åra avstanden til den tidlegare fornorskingspolitikken overfor samane, Samstundes samla dei seg på avgjerande punkt om ein fornorskingspolitikk overfor innvandrarane. Dette er dei to tydelegaste språkpolitiske endringane partia imellom etter 1945. Ei tredje endring, at nynorsk og bokmål ikkje lenger skal nærme seg kvarandre, vedtok Stortinget samrøystes i 2002 utan at andre parti enn regjeringspartiet Høgre hadde programfesta det året før.

I 2009 var Fremskrittspartiet åleine om å vedta eit samepolitisk manifest på landsmøtet. Dei andre partia ordna slikt i landsstyret eller sentralstyret. I samemanntalet var det bort imot 14 000 røysteføre i 2009. Å lage eigne manifest for så små grupper kan verke underleg, og ikkje minst sjølvmotseiande for eit parti som Fremskrittspartiet, som jamt seier dei aldri vil særbehandle nokon grupper. I dei samepolitiske manifesta ligg det noko meir: Her avklarar kvart parti synet sitt på dei fleste aktuelle konfliktspørsmåla som gjeld i forholdet mellom nordmenn og urfolk.

Ei lita gruppe som betaler sin pris for dette, er kvenane. Venstre hadde omtalt dei finskspråklege alt i 1969, men på 1980- og 90-talet gjekk kvenane inn og ut av valprogramma. I 1999 anerkjende Noreg fem nasjonale minoritetar – jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar. RV framheva romani i 2001, men først i 2005 viste vedtaket frå 1999 i all si breidd att i partiprogramma. Då omtalte både Kristeleg Folkeparti og SV alle desse minoritetane, medan Høgre nemnde det i generelle vendingar. I 2009 kom Arbeidarpartiet etter. Raudt heldt fram i RV-tradisjonen med å framheve berre romani og kvenar. Enno i 2009 hadde verken Venstre eller Senterpartiet funne grunn til å namngi alle dei nasjonale minoritetane, sjølv om begge partia tidlegare hadde vore opptekne av det kvenske spørsmålet.

## Norsk

Di grundigare partia gjekk inn i desse viktige spørsmåla som gjaldt dei ulike minoritetane, di meir kortfatta blei dei om den norske delen av språkpolitikken. Dermed er det heller aldri blitt utvikla ein reell tospråkspolitikk i dette landet. Som vanleg i seinare tiårs partiprogram tok partia gjerne til orde for å sikre grunnlaget for dei to norske målformene. Knappt nokon gjekk inn for tiltak som verkeleg kunne utvide bruksområdet for nynorsk. I staden blei språkpolitikken i programma halden på det jamne og etter kvart velkjende: Der det var tale om nynorsk, var arenaene nesten utan unntak skule, forvaltning og NRK. Som oftast romma også partiprogramma ei forståing av språk som kulturarv, ikkje som arbeidsreiskap i framtida. Partia likte betre å snakke om å verne, halde i hevd og sikre eller å styrkje, og dei var tryggare på kva enn på korleis.

Det var ikkje tilfeldig at sidemålspolitikken fekk sine første uttrykk i 1977. Store utdanningspolitiske reformer endra grunnstrukturane i skulen på denne tida. Heile årskull skulle no lære nynorsk i ungdomsskulen, svært mange også i den nye vidaregåande skulen. Sidemålspolitikken blei dermed både allmenn og relevant. Denne nye situasjonen møtte Fremskrittspartiet med å opne for endringar, medan både Venstre og Kristeleg Folkeparti markerte status quo.

I 2009 snakka alle partia om sidemålssaka på ein eller annan måte. Det var også den einaste nynorsksaka alle partia tok opp i programma sine. Lengste steget tok Høgre, i eit noko ulendt terreng. I 1981 hadde indre usemje om språkpolitikk i partiet kome tydelegare til uttrykk enn på lenge. Høgre hadde vunne eit fotfeste langs kysten og i nynorskprega område som var heilt nytt. Samstundes blei den verdikonservative tradisjonen i partiet utfordra frå dei som då var unge. På landsmøta som følgde, heldt dei verdikonservative oppe eit fleirtal, men i 1993 var det så mykje dragkamp om språkpolitikken at partiet gjekk til val utan å seie noko om saka i programmet sitt. Så, i 1997, kom Høgre ut av skapet med det avgjerande vedtaket sitt om å gå over til valfri sidemålsundervisning. Der er dei blitt verande.

Dette var eitt av dei få meiningsskifta om nynorskpolitikk i partiprogramma på heile 1900-talet. Det heitte nesten ordlikt i alle Høgre-program frå 1973 at ”Høyre vil arbeide for å holde i hevd våre to skriftspråk”. Men Høgre tok også til orde for å endre mållova. Landsmøtet i 2005 vedtok at ”offentlig sektor skal besitte kompetanse til å skrive brev og forfatte utredninger i begge målformer, men den enkelte ansatte skal ha rett til å bruke den målformen vedkommende selv foretrekker i sitt arbeid. Høyre vil fjerne mållovens bestemmelse om krav til at alle ansatte skal beherske begge målformer skriftlig.”

Med dette hadde Høgre teke steget tilbake til 1929 for å fornye politikken sin, det vil seie gjenta det partiet meinte for nesten åtti år sidan. No som då var mållova skyteskive. Var det berre eit tidsspørsmål før eit landsmøte i Høgre også ville stille spørsmål om det språkpolitiske jamstellingsvedtaket som har stått urørt sidan 1885, men som Høgre aldri har røysta for? Ikkje utan vidare. Mållovsstandpunktet frå 2005 kom aldri med i valprogrammet fire år seinare.

Høgre-vedtaket i 2005 var eit ekko frå eit anna parti i 2001. Då hadde Fremskrittspartiet kasta første steinen. Partiet ville ”fjerne de krav som stilles i deler av offentlig forvaltning om å kunne beherske begge språkformer”. Det blei med denne eine gongen. I 2005 var standpunktet ute av programmet att. I Fremskrittspartiet har seinare års veljarsuksess endra mangt og mykje i dei interne diskusjonane, og truleg er det dette partiet som for tida har nokre av dei kvassaste språkpolitiske diskusjonane. På papiret er likevel det meste som før. Førebels.

Seinare tiders debatt om domenetap og større utfordringar for norsk språk er så vidt fanga opp i situasjonsanalysane i partiprogramma, men tiltakslistene er korte. Senterpartiet og Venstre programfestar i 1981 at det er viktig å verne norsk språk mot uheldig utanlandsk påverknad. Fire år seinare må nokon har aksjonert, for då programfestar både Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet ”at norsk brukes som arbeids- og administrasjonsmål i nye bransjer som for eksempel i olje- og dataindustrien”. Også Venstre og SV har med denne saka det året. Fire år seinare har alle partia gløymt heile greia. Verken i 1993, 1997, 2001, 2005 eller 2009 tek eit einaste parti opp spørsmålet.

Det blir med det eine forsøket då Venstre i 1973 vedtek at ”arbeidet med morsmålet blir høgt prioritert blant dei vitenskaplege oppgåvene”. Det har ingen parti sagt om norsk forskingspolitikk verken før eller seinare. Berre eitt parti har éin gong gått til val med ei meining om at undervisninga ved høgskular og universitet ”i all hovudsak skal vere på norsk” – Senterpartiet i 2009.

## **Fråvær**

Språk er noko av det mest grunnleggjande i livet til alle menneske. Ikkje alle har bil. Ikkje alle har hytte. Ikkje alle har barn. Men alle har språk. Då kunne ein jo tru at iallfall nokre parti ville sjå eit poeng i å kople språk til demokrati. Eitt slikt grunnleggjande resonnement kunne formast slik:

Demokrati er å delta. Den som vil delta aktivt i eit moderne samfunn, må meistre språket. Då må det språket vere tilgjengeleg for alle. Slik var det ikkje i Noreg på 1800-talet.

Skriftspråket var for eit mindretal. Mange sa at noko måtte gjerast, men det var Ivar Aasen som gjorde det. Etter kvart kunne derfor fleire bruke sitt eige skriftspråk og si eiga stemme, og fleire fekk røysterett. Å demokratisere språket var med og demokratisere samfunnet. Dei mange røystene slapp til.

Slik verken tenkte eller skkreiv noko parti i 2005 eller 2009. Dei gjorde helst språk til noko reint instrumentelt, og mangla jamt over det som kan kallast ein allmenn og prinsipiell språkpolitikk. Den meir resonnerande forma på programma gjorde det lettare å krysse mange sektorgrenser. Då blei det også tydeleg at partia generelt utvikla seg lite i forståing av samspel og spenningar mellom språk og samfunn.

Kvifor? Kanskje er det rekrutteringa til politiske parti som slår ut. Dei som driv med språk, finn i liten grad partia som ein relevant arbeidsplass for ideane sine. Den forklaringa held likevel ikkje, for det er ikkje noko nytt under sola at partia forsømer seg i språkpolitisk tenking. I 1960-åra kom det fleire viktige arbeid om språkpress, kultur og makt. Sigmund Skard skreiv klassikaren *Målstrid og massekultur* i 1964, og tre år seinare kom Berge Furre og hans komité med *Målreising 1967*. Begge desse skriftene var perspektivrike dokument som i dag er klassikarar på området. Ingen av dei sette djupe spor etter seg i dei partiprogramma som blei vedtekne på den tida.

I det første tiåret på 2000-talet kom det mange viktige språkpolitiske dokument og nye språkfaglege studiar som kunne gi partia heilt nye impulsar. Eitt av dei mest ambisiøse arbeida om språk i Noreg var utgreiinga *Norsk i hundre!* frå Norsk språkråd i 2005 – rund i kantane, men fagleg à jour. Hyllemetrane av bøker og skrifter på ulike språk om presset mot små språk, behovet for å skriftleggjere mange fleire talespråk for å hindre at dei skulle gå ut av bruk, det innfløkte spørsmålet om påverknad frå engelsk – heller ikkje dette plukka partia opp.

Partia forstår seg nok på språkpolitikk også. Det ser berre ut til at det er mykje lettare å drive språkpolitikk i praksis gjennom folkevalde organ enn å få dei partivalde organa til å orientere seg i denne språklege røynda. Når saka er helse, forsvar, vegar, skule, skatt, er det ikkje måte på kor presise partia kan vere, og kor oppdaterte dei er om dei nyaste utgreiingane og forskingsrapportane. Står språk på dagsorden, er det som om parti flest er ukjende med at det finst ein rik og nyansert faglitteratur om ulike trekk ved språkutvikling generelt og norsk spesielt.

No vel, ikkje alt er like lett å forme ein målretta politikk for, men både i 2005 og 2009 var det få spor i programma etter det partia sjølve hadde meint om språkpolitiske spørsmål i komitéinnstillingar og debattar i Stortinget. Valprogramma var blitt siderike, men det meste måtte likevel seiast kort. Sjangeren stengde for dei lengre merknadene og vurderingane som

slike komitéinnstillingar gir rom for. I programma var det framleis meir plass til konklusjonar enn til premissar. Ofte kom difor partia sine språkpolitiske tankegangar tydelegare fram i stortingsdokument enn i valprogram. I *Innst. S. nr. 184 (2008–2009)* om *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining* står det såleis meir om forsøka på ein heilskapleg språkpolitikk enn det veljarane vil finne i valprogramma.

Største skilnaden mellom program og praksis i 2009 stod Arbeidarpartiet for. Ikkje noko parti hadde dei siste fire åra produsert meir språkpolitikk. Igen parti vedtok mindre om språkpolitikk på landsmøtet dete året enn nettopp Arbeidarpartiet.

Ikkje berre i praksis, men også i programma finst dei kjernane av politikk som opnar for samarbeid med andre parti. Frå 2001 til 2005 hang dei tre regjeringspartia Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre saman språkpolitisk i éi setning. Høgre hadde kompromissa seg fram til eit vedtak om valfri sidemålsundervisning i 1997. Samstundes sa partiet det same som hadde stått i nesten alle partiprogramma sidan 1973: ”Høyre vil arbeide for å holde i hevd våre to skriftspråk.” Den setninga gjorde eit språkpolitisk regjeringssamarbeid mogleg i fire år, men det røynde nok på.

Programma er meir enn verbal overflate. Dei er viktige iallfall innanfor partia. Difor hender det at eit landsmøte endrar viktige punkt i framlegget frå landsstyret. Det skjedde i Kristeleg Folkeparti i 2005. Då hadde partiet i fire år hatt ein sterk og profilert kulturminister som har teke fleire gode grep i språkpolitikken og sikra fleire viktige nynorsktiltak. Det skulle ingen tru som las programutkastet. Alt partiet der hadde å seie om nynorsk, var at ”det fortsatt skal gis obligatorisk opplæring i sidemål i grunnskolen”. Ti ord, det var alt. Landsmøtet fekk på plass lange, resonnerande avsnitt og fleire tydelege saksstandpunkt.

Ingen parti har bretta ut norsk språkpolitikk grundigare enn Senterpartiet gjorde i programma for 2005–09 og 2009–13. Dei var i 2005 åleine om å snikre ei språkpolitisk plattform der eine halvparten dreia seg om norsk språk og den andre halvparten om situasjonen for urfolk, nasjonale minoritetar og innvandrarak. RV var på si side det partiet som i 2005 sa høvesvis minst om nynorsk og mest om urfolk og nasjonale minoritetar. Partiet var språkpolitisk klarare i 2001 enn i 2005. Frå 2007 tok Raudt grovt sagt over posisjonen til RV. Komne til 2009 var nynorskpolitikken i dei fleste partia framleis avgrensa til skule og forvaltning, medan Raudt, SV og Senterpartiet alle trekte opp eit vidare perspektiv.

## Retning 2013

Det er gjeldande offisiell politikk i dette landet at tiåret fram til 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 skal brukast til ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur. Det var ein strategi som Venstre, Kristeleg Folkeparti og Høgre fremja i kulturmeldinga seinsommaren 2003, og som alle partia unnateke Fremskrittspartiet slutta seg til i Stortinget våren 2004. Berre Senterpartiet fanga opp dette i 2005-programmet. Fire år seinare var det ingen spor av denne langsiktige strategien i eit einaste valprogram.

På mange politiske saksfelt er partia skapande aktørar som tenkjer nye løysingar. I språkpolitikken, slik denne er formulert i valprogramma, er dei helst fråverande.

I mange tiår var partia språkpolitisk stabile, for ikkje å seie stivna. Dei sa det same eine året som dei hadde sagt hitt året. Då dei frå 1970-åra utvida dei språkpolitiske avsnitta i valprogramma, blei det fleire endringar på overflata. Enkeltsaker fauk inn og ut i eit mønster som er vanskeleg å tolke anna enn som skjøre tangentar til det aktuelle.

Venstre prøvde seg i 1993 og 1997 med eit framlegg om å etablere ein nynorskspråkleg teaterskule, men dét brydde ingen andre seg om. I 2001 programfesta fire parti at dataprogram måtte liggje føre på både nynorsk og bokmål: Venstre, Senterpartiet, SV og RV. Senterpartiet gjekk i 2005 inn for å skipe Vinje-fondet for nynorsk journalistikk, og som det første partiet programfesta SV same året behovet for læremiddel på nynorsk for innvandrarakar. Med det løfta SV grunntrekk frå den språkdelte norske kulturen inn i valprogrammet då dei skulle ta stilling til kva type språkpolitikk som må førast andsynes innvandrarakane for at dei skal bli integrerte både sosialt og kulturelt. Både i 2005 og 2009 tok Senterpartiet og Venstre opp språk teknologi og det store prosjektet Norsk språkbank.

Det engelske spørsmålet var fleire parti påfallande tidleg ute med å svare på. Nett då den allmenne og språkfaglege debatten om dette spørsmålet vida seg ut og gjekk djupare til verks, strauk partia ut heile problemstillinga.

Likevel, programma for 2009–13 viste at i ein skriftkultur er det mykje som endrar seg sakte. Dei partimønstera som kom til syne i historia om partiprogramma frå 1900-talet, var mykje dei same i 2009. Senterpartiet, Raudt og Sosialistisk Venstreparti kom godt ut, og Venstre og Kristeleg Folkeparti heldt stø kurs. Høgre skifta noko mellom sine verdikonservative og meir liberalistiske tendensar, og i Fremskrittspartiet hadde dei språk- og kulturpolitiske brytingane enno ikkje kome opp til overflata.



I språkpolitikken er det meir slik at partia reagerer enn at dei agerer. Den som berre les partiprogramma, kunne kome til å konkludere med at språkpolitikken ikkje er stort meir enn tretti år gammal. Men det er aldri nok å lese valprogram åleine.

# Førstegongsbruk av språkpolitiske signalord

## **Landsmål: Venstre, 1906**

Fortsat arbeide for reisningen af det norske maal, bl. a. ved, at den ene skriftlige prøve til artium blir paa landsmaal.

## **Landsmål: Samlingspartiet, 1906**

